



Uskedal skulemusikk har dei siste tre åra vore godt representert på NMF sine sommarkurs. Dei to siste åra har korpset gjort seg bemerkta ved at dei har hatt ei av dei største deltakargruppene på kursa som har vorte avvikla ved Lundeneset vidaregåande skule i Ølensvåg. No er planane for kursa komande sommar klare, og det er gledeleg å registrera at det vert blått kurs i Ølensvåg, i tillegg til gult og rødt som har vore arrangert tidlegare.

Sommarkursa til Norges Musikkorps Forbund er tildelt ein fargekode, gult, rødt, blått eller svart, avhengig av kva aldersgruppe kurset er tiltenkt. Desse kursa er blitt svært populære, og har hatt sterkt aukande deltaking dei seinare åra. Såleis var det klar deltakarrekord i Ølensvåg i fjor. Tidlegare har det vore tilbod om gult og rødt kurs der, men i år vert dette tilbodet utvida. Det vert også arrangert blått kurs. Utvidinga har vel lege i korta. Den aukande deltakinga er nok hovudgrunnen, men kretsen sin folk har og gjeve uttrykk for at dei er særst godt nøgde med tilhøva på Lundeneset. Det er svært godt tilrettelagt for sosiale aktivitetar med mellom anna kunstgrasbane, tennisbane, sandvolleyballbane og gode badetilhøve. Dessutan ligg det geografisk gunstig til, for å samla kursdeltakarar frå Sunnhordland og Rogaland.

Vi tar her med oversikt over når dei ulike kursa i Ølensvåg går av stabelen:

Gult kurs: 2. – 5.august.(berekna på dei som skal opp i 5. og 6.klasse)

Rødt kurs: 28.juli – 2.august.(berekna på dei som skal opp i 7. og 8.klasse)

Blått kurs: 5. – 11.august.(berekna på dei som skal opp i 9. og 10.klasse)

Aldersinndelinga er å sjå på som ei anbefaling, og det går an å gjera tilpassingar etter ønskje og behov.

Oversikt over dei andre kursstadene finn ein på www.musikkorps.no der ein vel å gå inn på Rogaland eller Hordaland krets. Same plass finn ein og påmeldingsskjema, og det kan vera lurt å melda seg på allereie no sjølv om påmeldingsfristen er 15.april. Det har nemleg hendt at kursa har vorte fullteikna før fristen har vore ute.

Skulemusikken har sett den store verdien i at medlemmene deltar på desse kursa. Av den grunn har dei gjort årsmøtevedtak på at kvar deltakar skal få dekkja om lag halve deltakaravgifta. I den samanhengen vert det og søkt om stønad frå kommunen.

Vi trur det er mange som alt gler seg! Underteikna ser ut til å få med seg avslutningskonserten på alle tre kursa.

Også det er noko å sjå fram til. Dei plar alltid vera like imponerende. Ei flott oppleving som publikummar!! Det må jammen vera litt av ei oppleving å sitja i orkesteret!!!

Thor Inge Døssland



Nokre av dei som var på kurs ifjor, var med på det raude. (Foto: Thor Inge Døssland)